

ØKONOMIDIREKTIV

1. INNLEIING

Dette direktivet frå SK+AU inneheld retningsliner for økonomiarbeidet til DS. DS og kasseraren skal nytte direktivet aktivt for å rotfeste den marxist-leninistiske linja for organisasjonsøkonomien i partiet og for å slå fast prinsippa med sjølbearing og mobilisering av massane i økonomiarbeidet til partiet.

Direktivet skal vera ein reiskap for å styrke økonomien i partiet og for å nedkjempe og korrigere dei avvika som har vori og som framleis finnst på dette området.

DS skal derfor diskutere direktivet grundig.

Direktivet bygger på oppsummeringar av dei diskusjonane som vart haldne under gjennomføringa av skoleringa av DS/AU og på granskinger og studier av økonomien i partiet og på røynslar frå dei marxist-leninistiske klassikerane.

Direktivet gjeld inntil anna er fastsett.

2. DEMOKRATISK SENTRALISME I ØKONOMIARBEIDET

Direktiv: DS/AU skal ha eit kollektivt annsvar og leining av økonomien, med ein kasserar som særskilt annsvarleg og med økonomien som hovedoppgave.

Pkt. 10 i vedtektene sier at kassereren skal sitte i AU og at det skal vere kameraten si hovedoppgåve, dette er i samsvar med prinsippet om sentralisert leining. Andre oppgåver må ikkje hindre kasseraren å gjera hovedoppgåva.

Kommentar: Økonomien er det materielle grunnlaget for den politiske og organisatoriske verksemda til partiet. Økonomien er derfor et stort politisk og organisatorisk arbeidsområde må liggeja under AU på same vis som AU har annsvaret for den daglige leinga på andre område.

3. ANNSVAR SOMRÅDE

3.1 KONTIGENTEN

Kontigenten er den viktigaste inntekta til partiet og er fundamentet for drifta og innvesteringane i partiet.

Direktiv: a) DS skal drive inn kontigenten frå alle avdelingene i distriktet som svarer til medlemstalet, innafor dei frister og etter dei retningsliner som er fastlagd i kontigendirektivet.

b) DS skal krevja inn rapportar frå alle avdelingene og sende rapportar vidare til SK på dei fastlagde rapportskjemaene.

c) DS skal føre særskilt oversyn og kontroll med at alle avdelingene betaler kontigent og at det er i samsvar med medlemstalet

d) All kontigent som DS krev inn høyrer til SK. SK fastset ein prosent som DS kan trekke til egen drift.

e) I rekneskapet til DS skal kontigendelen som dei har høve til å trekkja og det resterande som skal til SK førast i kvar sin konto. DS skal skilja fysisk den delen som skal vidare til SK frå kontigenten til DS etter kvart som kontigenten frå avdelingane kjem inn. DS har ikkje høve til å trekkje kontigentpenger utover den fastlagde prosentdelen.

f) DS skal regelbunden ta tiltak for å auke kontigentinngongen i distriktet. DS skal planleggja og sette målsettinger og mobilisera medlemmane politisk og skolere dem i partiøkonomien.

3.2 INNSAMLINGSKAMPANJER

Direktiv: DS skal fordele målsettinga for distriktet som dei får tildelt frå SK på laga i distriktet etter nærare innstruks. DS har annsvaret for å leie innsamlingene, organisera dei og andfares kontrollera korleis innsamlingane vert drivi i distriktet. DS skal lede arbeidet med, og leggja stor vekt på å trekke masser utafor partiet med i innsamlingene.

Kommentar: Innsamlinger som vi kjenner dei frå valkampinnsamlingene og rotasjonskampanja vil verta ein regelbunden lekk i økonomiarbeidet til partiet i lang tid frametter. Dei er særskilt viktige for å styrkja den økonomiske og produksjonsmessige sida ved verksemda til partiet, anten i partiapparatet eller i bedriftene til partiet.

Innsamlinger vil alltid verta den viktigaste finansieringsmåten ved større innvesteringar i partiet.

Røynslene frå dei innsamlingene vi har hatt syner at det er viktig å styrka den politiske og organisatoriske mobiliseringa av massane i og utafor partiet. DS spelar her ei særskild viktig rolle.

Vi vil særskilt trekkja fram arbeidet med å få massar utafor partiet til å gi pengar ved innsamlingane. Dette har stor strategisk tyding, både økonomisk og politisk. At arbeiderklassen yter økonomiske bidrag opnar ei utømmelig kjelde for partiet.

Samstundes vil dei og gjennom å yta økonomiske bidrag verta knytta nærare partiet til proletariatet, jamnfør tesa til Lenin om at "en kopek frå ein arbeidar er meir verdt enn 10 kopek frå ein riking".

Økonomiske bidrag vil derfor og fostre dei i prinsippa om at partiet skal vera sjølberga ved at det er medlemma og arbeidarmassane som finansierar partiet.

Dei stadig større krava som vert sett til økonomien til partiet vil settja større krav til at vi klarar å mobilisere massane rundt partiet til å yta økonomiske bidrag.

3.3 AVDELINGSØKONOMIEN

Direktiv: DS skal sjå til at avdelingsstyra har kasserar og dei driv økonomiarbeid med budsjett, rekneskap og revisjon.

DS skal krevja inn årsreknaskap og skaffe seg oversyn over alt materiell og utstyr som avdelingene har. (skrive-stensilmaskiner o.a.)

DS skal kontrollere økonomiarbeidet i distriktsorganisasjonen, at rekneskap vert revidert, ta stikkprøver blandt avdelingene for å kontrollere og granske korleis dei driv arbeidet.

DS skal sjå til at avdelingene ikkje innvesterar i utstyr uten at søknad er godkjend av DS. Det same gjeld om avdelingane vil selje utstyr, dette skal og verta godkjend av DS.

DS skal sjå til at avdelingane ikkje akkumulerar meir kapital enn det som er naudsynt til drift og godkjende innvesteringar.

Overskot bør dei senda SK som gåve.

3.4 OKTOBERBOKHANDLANE

Direktiv: DS skal leia arbeidet med bokhandelane i distriktet og skipa til utval som står for den daglege leiinga av bokhandelane.

Utvalet kan liggja direkte under DS dersom det høver best eller liggj under dei lokale partiavdelingane.

DS skal leie og overvake arbeidet med bokhandelane etter dei rettningsslinene som vert slegne av fast av partiet og Oktober sentralt.

DS skal overvake og utvikle den politiske lina, ha oversyn over dei bøkene som vert selt, over kadern som tek seg av drifta og vera på vakt mot kommersialisering eller sekterisme i drifta. (bokutvalet)

DS skal overvake økonomiarbeidet, t.d. avsettingar til fonds for t.d. nye lokaler.

DS skal jobbe for å byggja ut Oktobernettlet i sitt distrikt etter som klass ekampen krev det og det er grunnlag for det i styrken til avdelingene. DS skal byggja ut kommisjonærnettlet til Oktober der det er grunnlag for eit vist sal blandt massane, samstundes som det ikkje er grunnlag for bokhandel pga styrken til avdelinga, oppslutninga i massane osv.

DS har eit særskilt annsvar for at bokhandelane ikkje akkumulerar for stor gjeld til Oktober sentralt eller andre.

Kommentar: Oktoberbokhandelane er skipa til og nært knytta til og leia av partiet. Dei er på det viset ikkje kulturinnstitusjonar som svevar fritt og som er av perifer interesse for partiet.

Utan ein revolusjonær teori vert det ikkje noka kommunistisk parti og heller ikkje nokon sosialistisk revolusjon.

Derfor har Oktober ei særskild viktig oppgåve for partiet, for arbeidarklassen og alle som sympatiserar med oss.

3.6 ØKONOMIARBEIDET I FRONTORGANISASJONANE

Direktiv: DS pliktar å syta for at våre medlem som arbeidar i frontar strir for ei line i økonomiarbeidet som vil tene den politiske verksemda til frontane. Det er i frontane sin interesse at viktige prinsipp i økonomiarbeidet som sjølberging og mobilisering av massane får mykje større gjennomslagskraft. Være medlem må mobilisera frontane sine medlem til aktiv økonomisk oppbygging.

Mange frontar driv eit dårleg arbeid med økonomien i dag.

Både leiinga og medlemsmassen er lite medvetne om kor naudsynt det er å driva eit aktivt økonomiarbeid og byggja opp eot solid grunnlag for den politiske verksemda deira.

Det er våre medlem si plikt å hjelpe og kjempe fram dette slik at eit vantande økonomiarbeid ikkje får hindra det kampavsnittet som fronten arbeidar på. Være medlem må gå i spissen for å korrigera denne range tendensen i økonomiarbeidet til frontane.

3.7 VERN OM EIGEDOMEN TIL PARTIET

Direktiv: DS skal sørgja for at det vert syta vel for all eigedom som høyrar til partiet, og at det finnst klare rettningsliner for korleis utstyr skal nyttast og takast vare på.

DS skal føre materiallister over alt utstyr som kasseraren eller ein annan som DS utpekar særskilt skal forvalte.

Særskilte direktiv vert utforma for unntak frå dette.

DS skal føra kamp mot alle tendensar til å vise liten vørnad for eigedomen eller utstyret til partiet.

Kommentar: Partiet har med tida innvestert mykje i eigedom og materiell.

I stadig større utstrekning finnst det skrivemaskiner, stensil/trykkjemasiner, megafoner /lydutstyr, demonstrasjonsmateriell, lokaler osv.

Dette er resultatet av alt det økonomiarbeidet som partiet driv, dei tendensane som finnst til å fara ille med utstyret hjå partiet er såleis eit brot mot partiet.

3.8 FONDSAVSETNAD OG INVESTERINGER

a) Direktiv: DS skal setja av til og byggja opp fond for innveseringer som kjem og for særskilte økonomiske tiltak når klassekampen er ekstra skjerpa. Storleiken og tidsrommet for å byggja opp fondet skal SK avgjera etter diskusjoner med DS. SK skal og godkjenne særskilte innsamlinger i distriktet for tilsvarande føremål. Når DS akkumulerar kapital over dei fastlagde grensene skal dei sende overskotet til SK.

b) Direktiv: DS skal diskutera og leggja planer for dei innvesteringane som vil verta naudsynte i tida som kjem. DS skal leggja planane fram for SK. SK skal godkjenna alle innvesteringer over kr 2000.

DS skal sende melding for alle innvesteringer som vert gjort.

Kommentar: Trongen til stadig fleire og større innvesteringer vil auka i takt med at partiet veks og at verksemda på alle områder aukar.

Om det ikkje finnst eit fast grep om kva for innvesteringer som vil koma, vil det produksjonsutstyret og materiellet som partiet har, koma i utakt med den politiske og organisatoriske verksemda til partiet (Det er ein økonomisk lov som seier det må vera proposjonar mellom drifts- og innvesteringsskapital) Dersom vi ikkje alt no tek til å leggja planar for innvesteringar i prenteutstyr, sikringstiltak, lokale osv som vil pressa seg fram med tida, så vil spontaniteten råde i økonomiarbeidet. Planleggjinga gjeld for verksemda til DS og for heile distriktet, t.d. utbygging av stensilmaskiner o.l.

3.9. STØNAD FRÅ STAT OG KOMMUNE

Direktiv: Partiet tek ikkje imot nokon form for økonomisk stønad frå stat, fylke eller kommune. Dette gjeld på alle nivå i partiet.

Kommentar: SK sitt syn er at løyvingane frå staten, fylka eller komunane har til mål å knytte partia nærare til den borgarlege staten. Partiet vil ikkje la seg korrumpere med statspenger. Å motta stasloyvinger no vil vera eit hardt revisjonistisk åtak mot prinsippa om sjølberging og mobilisering av massane som partiet byggjer opp økonomien etter.

3.10 SKOLERING OG STUDIER

DS skal gjennomføre studier og skolering i organisasjonsøkonomi i DS og i distriktsorganisasjonen. Dei skal leggja særskilt vekt på å skolere opp styrekadern. SK vil utarbeide studiemateriell om økonomiarbeid. Kommentar: Studier og skolering i organisasjonsøkonomi harsynt seg å vera ei viktig organisasjonsoppgåve. Røynslene syner oss at utan ei riktig marxist-leninistisk line for økonomiarbeidet, vil ikkje økonomien vera eit fundament for dei politiske oppgåvene til partiet. Tvert om, på eit visst tidspunkt vil økonomien verta eit hinder for politisk framgang. Jamfør den revisjonistiske lina til SV på dette området og resultatet deira med omlag 2 millionar i gjeld og eit statsfinansiært revisjonistparti.

Gjennom studiar av klassikarane og prinsippa for marxist-leninistisk organisasjonsøkonomi, studiar av røynslene frå økonomiarbeidet, gransking av feil og avvik vil vi læra å kjenna dei objektive lovene for partiøkonomien. Studiane vil skjerpa den ideologiske kampen og styrkja oss i å nedkjempa og korrigerer revisjonistiske feil og avvik.

Eit høgt medvetent ni vå i økonomiarbeidet vil styrkja økonomiarbeidet og styrkja kampen mot sløsing og korrupsjon.

4 BUDSJETT-REKNESKAP-REVISJON.

4.1 BUDSJETT

Direktiv: DS skal laga budsjett for drifta si. SK skal godkjenna budsjettet. DS skal kontrollere budsjettet kvart halvår i tilhøve til rekneskapet og korrigera budsjettet etter rekneskapet og dei planane DS legg for arbeidet sitt. Utgiftsida skal syne den økonomiske sida av dei politiske planane til DS.inntektsida skal for det fyrste dekkja utgiftene, for det andre byggja på målsettingar og politiske og organisatoriske planar for korleis DS kan drive opp kontingenten i distriktet. Budsjettet skal følgja kalenderåret.

4.2 REKNESKAP

Direktiv: DS skal føra rekneskap med dobbel bokføring som gjev eit godt oversyn og som gjer det lett å kontrollere. Kasseringen må ta omsyn til tryggleiken i føringa av rekneskapet, samstundes som det skal vera bilag for dei einskilte posteringane. Kva for konto som skal brukast i bokføringa må avgjerast etter ei vurdering av kva pengane vert nytta til. Kontoane i rekneskapen bør vera i samsvar med kontoane i budsjettet, sånn at det vert lett å samanlikna dei.

4.3 REVISJON

Direktiv: DS skal velja ein revisor blant seg sjølv som ikkje sit i AU. Revisor skal revidera rekneskapen kvart halvår. DS au skal godkjenna rekneskapen og revisjonen. Når rekneskapen er godkjent skal alle bilaga brennart med eit unnatak, DS må ta vare på bilag for betalt kontingent til SK i eit halvt år etter betalingsdatoen. Halvårsrekneskapane skal samanfatta til ein årsrekneskap. Rekneskapsperioden skal fylgja kalenderåret. DS skal ved årsskiftet senda budsjett for det nye året og rekneskap for det gamle til SK for godgjenning.

5. TILSETTINGAR

Direktiv: DS skal på førehand søkja SK om løyve til å tilsette kader i partiet eller i verksemdene til partiet. SK skal godkjenna kaderen som vert tilsett.

For alle tilsette i partiet gjeld eit særskilt direktiv om løns og arbeidstilhøve som DS skal nytta ved alle tilsettingar. DS er annsvarleg for å følgja direktivet for partifunksjonærar og for å kontrollera dei tilsette i tilhøve til direktivet. DS skal straks sende rapport om alle tilsette pr i dag og kva for løns og arbeidstilhøve som gjeld.

6. EIGEDOMSTILHØVE

Direktiv: Om eigedomstilhøva i partiet gjeld pnkt 15 og 16 i vedtektene. I samsvar med vedtektene er det SK som utøvar eigedomsretten i partiet. DS og avdelingane disponerar det utstyret og materiell dei har investert i. SK kan overdra disposisjonsretten til seg sjølv eller andre. Difor skal SK godkjenna alle endringar i eigedomstilhøva og disponering.

SK ordnar eigedomstilhøva på det viset dei fastlegg. Dette gjeld både for partiet og bedriftane til partiet.

JUNI 1976
ARBEIDSUTVALET I SENTRALKOMITEEN